



Saksframlegg

Søknad om tilskot sommarkonsertar i Folkestadbyen 2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		

Endeleg vedtaksrett i saka har hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg.

Dokument i saka:

Søknad frå Folkestadbyen datert 15.05.2025

Bakgrunn for saka:

«Folkestadbyen» har i fleire år arrangert små sommarkonsertar på laurdagar i Folkestadbyen. Det er næringsdrivande i sentrum som står bak søkjaren «Folkestadbyen»
I år har dei fylgjande planar:

- 05.07: Konsert ved Ask Dyrland Valseth
- 12.07: Konsert ved Hallvard Jørgensen og Thomas Bentsen
- 19.07: Konsert med Emma Valseth Holmegaard og ei veninde
- 29.07: Olsokmarkering: Matsal v/Fenni og MariFe, Konsert m/?, Historisk gatevandring v/Ragnhild L. Berge
- 02.08: Konsert ved Karoline og Trygve Jarle Nedrebø
- 09.08: Konsert ved Julie Forsdal

Dei har budsjettert med kr 14.300 til desse tiltaka, dette er honorar til utøvarar og leige av lydanlegg.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige i Kommuneplanen sin samfunnsdel for Fyresdal kommune 2023-2035;

Fyresdal kommune skal satse på eit attraktivt og breitt kultur- og fritidstilbod, og stø opp innbyggjarar med initiativ og drivkraft som vil utvikle tilbod.

Dette er eit svært poitivt tiltak, både for tilreisande og fastbuande, men og for dei unge aktørane som ofte er lokale. Det er ynskjeleg å stå opp om private tiltak som gir gode kulturopplevinga for mange.

Konklusjon:

Fyresdal kommune ynskjer å stø opp om tiltaket sumarkonsertar i Folkestadbyen.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune stør søknad frå Folkestadbyen med omsøkt beløp kr 14.300.
Stønad skal gå til dekking av utgifter i samband med sumarkonsertar i Folkestadbyen.

Løyving frá 1 260 470 kulturavdelinga.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Hilde Martini Momrak
	avdelingsleiar kultur